

11.35-12.00, Mimes Brønn

Musikkterapi, demenskor og sosial innovasjon



Karette Stensæth. Foto: Charlotte Wiig.

Karette Stensæth er professor og leiar for Senter for forskning i musikk og helse (CREMAH) ved Norges musikkhøgskule. Ho har meir enn 20 år erfaring som musikkterapeut med barn og unge i spesialpedagogisk kontekst. Stensæth har lang erfaring med undervising, rettleiing og forskning. Publiseringslista er lang, og ho har vore redaktør for fleire av dei vitskaplege antologiane publisert i CREMAHs skriftserie. Dei siste åra har ho vore engasjert i forskning og utviklingsarbeid med personar med demens.

Samandrag

Professor Geoff Mulgan seier i den mykje siterte boka si *Social innovation - How societies find the power to change* frå 2019 at sosiale innovasjonar er nye idear som møter eit udekt sosialt behov – og som verkar. Sosial innovasjon dreier seg oftast om å utvikle og iverksette nye løysingar på samfunnsutfordringar som betrar livskvaliteten for menneske og samfunn. Det kan handle om å tenke annleis, samarbeide tverrfagleg og mobilisere ressursar på nye måtar for å løyse samfunnsproblem knytt til blant anna helse, utdanning, miljø og inkludering. I mitt panelinnlegg på Polyfonkonferansen spør eg: Kan musikkterapi som idé forståast som sosial innovasjon? Og kan demenskorbølga vere eit eksempel på ein type praksis som svarar på eit uttalt sosialt problem, nemleg einsemd og sosial isolasjon blant den stadig aukande populasjonen av personar som lever med demens? Eg vil drøfte svara mine på desse spørsmåla i lys av erfaringane eg og andre demenskorforskarar ved Senter for forskning i musikk og helse (CREMAH) ved Norges musikkhøgskule har gjort oss med ulike tiltak i demenskor-utviklinga, ikkje minst prosjektet Demenskor Oslo 24-26, som er finansiert av Oslo kommune.

Referansar

Mulgan, G. (2019). *Social Innovation – How Societies Find the Power to Change*. Bristol, UK: Policy Press.